

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo

29.09.2016

Stortingsmelding om bærekraftige byar og sterke distrikt – innspel frå Sunnmøre Regionråd IKS

Sunnmøre Regionråd IKS er regionråd for 19 kommunar på Sunnmøre og i Romsdal med nærare 150 000 innbyggjarar. Medlemskommunane er Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørsta, Ørskog og Ålesund. Sunnmøre Regionråd Sunnmøre skal bidra til ei positiv utvikling i medlemskommunane og i regionen samla.

Styret i Sunnmøre regionråd IKS har fylgjande innspel til den komande stortingsmeldinga «Bærekraftige byar og sterke distrikter»:

1. Organiseringa av statlege og regionale myndigheiter bør organiserast slik at det tenar innbyggjarane sitt liv og virke på best mulig måte, og kan vere med på å vidareutvikle samfunna våre. Byane i samspel med omlandet har ei viktig rolle som nærings- og samfunnsutviklar.
 - a. Desentralisering av statlige arbeidsplasser vil bidra til vekst og utvikling blant anna gjennom å styrke etablerte kompetansmiljø og bidra til tilflytting. Vidare bør delar av statlege oppgåver delegerast til regionalt nivå for å styrke det regionale nivået som utviklingsaktør.
 - b. Må sikre at byane fungerer som bindeledd mellom lokale, nasjonale og internasjonale aktørar.
2. Dei skattemessige virkemidla må vere fleksible og kunne tilpassast dei utfordringane som ulike næringar står overfor til ei kvar tid. Generelle skattemessige virkemiddel er bra, men ikkje gode nok for særlege forhold som kan gjelde for enkelte viktige næringar i konjunkturutfordringar.
 - a. Delvis omlegging av selskapsskatten slik at kommunene får direkte effekt av tilrettelegging for næringsutvikling. Dette vil gi auka fokus på kommunal tilrettelegging for verdiskaping når effekten har direkte økonomisk effekt for kommunane.
3. Byane og distrikta er avhengig av eit næringsliv i vekst.
 - a. Næringslivet utviklar seg best i klynger. Framtidas næringsliv vil være meir kompetanseintensivt og kompetansesarbeidsplasser vil være mest attraktive. Vi treng derfor verkemidlar for forskningsbasert innovasjon i samspel mellom kommuner, lokalt nærings- og arbeidsliv og FoU-institusjoner.
 - b. Gode utdannings- og økonomiske virkemiddel for tilsette i permitteringsordningar står sentralt for å sikre kompetanse og framtidig næringsverksemd i vår region.

4. Det er klart behov for høgre økonomiske rammer på samferdsleprosjekt som kan knyte saman denne regionen internt, og saman med omkringsliggende regionar, med ein mykje meir effektiv struktur enn det som er i dag.
 - a. Arbeidskraftmobiliteten mellom dei ulike sentra på Sunnmøre må styrkast, slik at busetting i distrikta kan vere med på å styrke aktivitetane i byar og bygdebyar.
 - b. Klyngestrukturen til næringslivet på Sunnmøre må kunne utvikle seg over eit større geografisk område. Dette gjelder særleg relasjonar i marine og maritime næringar, der næringslivet på Sunnmøre må få meir effektiv tilgang til tilsvarande næringsaktørar i retning mot Trondheim og Bergen.
 - c. Møre og Romsdal har svært dårleg infrastruktur knytt til tog, både gods og personbefordring.
 - d. Det bør satsast på meir gods- og persontransport over sjø. Stad skipstunnel vil åpne nye muligheiter for sjøtransport langs kysten vår, og kunne vere med på å tilrettelegge for fleire knutepunkt knytt til hamn.
5. Det er viktig å utvikle eit moderne, attraktivt og effektivt kollektivtilbod.
 - a. Knutepunkt- og fortettingsstrategi er avgjerande for å bygge sterke regionar og legge til rette for vekst og utvikling. Regjeringa og Stortinget sitt mål om at all vekst i persontransporten i byområdene skal kompenseras med kollektivtransport, sykkel og gange er eit ambisiøst mål. For å nå målet må bymiljøavtalane utvidast til å gjelde fleire enn dei 9 byane som ligg inne i forslaget til NTP.
 - b. Kollektivtilbodet i Ålesund og næraste omland må vidareutviklast og styrkast som strukturgrunnlag for vekst i heile regionen.
6. Distrikts- og regionalpolitikken må fremje miljøvennlege løysingar.
 - a. Bygging av nye fraktestartøy og ferger må få like gode finansieringsordningar som offshore-fartøy har hatt. Ei betre finansieringsordning vil stimulere til utvikling av norsk miljøteknologi, bygging ved norske verft og finansiering frå andre aktørar. Miljøfinans er katalysatoren som forener målsetningene om en effektiv og miljøvennlig skipsflåte, reduserte utslepp ved overføring fra land til sjø, samt innovasjon og eksport av norskutvikla miljøteknologi.
 - b. Sunnmøre vil framheve satsing på hydrogen som erstatning for bensin og dieselbilar.
7. Den teknologiske og demografiske utviklingen vil kreve at det vert utvikla nye måter å løyse framtidige utfordringar.
 - a. Offentleg sektor sitt forskingsbehov må ha tilstrekkeleg merksemd, samtidig som rammebetingelsane for innovasjon i offentlig sektor må styrkast.

- b. Regionale forskingsmiljø bør få stabile og langsiktige grunnfinansieringsordningar som kan frikjøpe forskarar til eigeninitiert forskning på kommunal sektor. Prosjektbasert forskning har kortsiktige perspektiv og avgrensa mynde. Høgkompetent humankapital bør kunne kome i tettare dialog med offentleg sektor ut frå eigne perspektiv, og ha ei friare rolle enn berre bestillar/utførar.
8. Eit levande lokalsamfunn er avhengig av nærleik til eit attraktivt bymiljø. På Sunnmøre er det kort avstand til å være «langt ute på landet». By- og bygdeutvikling må fremme urbanitet, kontraurbanitet og attraktivitet.
- a. Ålesund bør utvikle seg til storby, for å kunne fungere som eit kraftfullt regionsenter i konkurranse mellom Bergen og Trondheim.
 - b. Volda/Ørsta bør vidareutvikle sitt regionale tenestetilbod for å kunne tene eit større omland enn det gjer i dag.
 - c. Kommunesenter som er knytt til næringsklynger må få styrka sin infrastruktur, med særleg fokus på fjordkryssingar og utbetra veistandard tilpassa for større kjøretøy. For varetransport som ikkje har kritiske tidsfristar bør meir frakt gå over til båt eller tog.

Med venleg helsing
Sunnmøre Regionråd IKS

Jan Ove Tryggestad
styreleiar

Jan Kåre Aurdal
dagleg leiar